



Smolten vert fanga med elfisking og plassert i fiskekorgar merka med rett elvedel. Silje Elvatun Sikveland står i elva.

**Det pågår ei omfattande registrering og merking av smolt i Uskedalselva i dag og i morgon. Heile sju forskarar frå Rådgjevande biologar er arbeid frå elevosen til Gavehølen. I morgon vert område utvida slik at heile elva er med i registreringa. Arbeidet vert gjort for næringa. Det er med andre ord oppdrettsnæringa som dekkar alle kostnader med feltarbeidet, innsamling av data, forskning og arbeidet fram til ferdig rapport. For at registreringa skal vera valid, må det vera eit visst tal på smolten som vert merka,- om lag 1000 fisk på to dagar. Basen for registreringa i dag var ved Dønhaughølen.**

Rådgjevande biologar i Bergen er eit kommersielt konsulentfirma som sel sine tenester til det offentleg forvaltning og til private aktørar. Harald Sægrov er seniorforskar og er med i gruppa. Leiar for prosjektet og for gruppa er Bjart Are Hellen. Det handlar med andre ord om miljøovervaking og henta inn kunnskap som ofte har vore mangelfull til no.

Sægrov fortel at målet med arbeidet er å merka smolten, få lagt inn i buken ein sendar som sender signal til ei antenn når smolten går ut i sjøen og kva tid den kjem tilbake. Registreringa gjeld både for laks og for aure. Sjøauren, som overvintrar i ferskvatn, kan koma tilbake alt i sommar. Mest truleg kjem auren tilbake neste år. Laksen kjem tilbake neste år, alltid til si elv.



Aure- og laksesmolt vert målt, vogen og merka.

Framgangsmåten og metodikken er utprøvd forsking. I USA har ein jobba med merking og registrering av smolt i over 20 år, for å finna ut kva tid fisken går ut i sjøen og kva tid den kjem tilbake.

Eit anna viktig tema er å bruka modellar som bereknar lusepåverknaden. Lus spreier seg ut frå oppdrettsanlegga. Difor er det viktig å finna ut kva tid og kor er det mykje lus og korleis påverkar dette smolten.

Silje Elvatun Sikveland fortel oss om prosessen og dei ulike arbeidsoperasjonane.

1. Smolten vert fanga med det ein kalla elfisking, frå ulike deler av elv
2. Smolten vert sett i ventekar nummerert ut frå kor smolten var henta
3. Smolten vert bedøvd med eit middel ein kallar Benzocain
4. Måling av lengde og vekt
5. Merking i buken og DNA prøve
6. Oppvaking i sitt kar
7. Utsetjing frå sin plass i elva

Uskedalselva var i si tid ei aureelv. No har laksen teke over. Av 1000 smolt, er fordelinga om lag slik: 750 laks og 250 aure. Det kan vera stor variasjon frå år til år når det gjeld kor mykje smolt som overlever og kjem att,- ein stad mellom 2 til 15 %. Det har samanheng med klima, miljø og andre påverknader. Smolten på dette tidspunktet har ei lengde på 12 - 14 cm. Vekta er mellom 10 og 20 gram. Det hastar med å få gjort registreringa før den fyste smolten går ut i sjøen alt i april/mai månad.

Det er fire vassdrag med i denne registreringa. Det er Osvassdraget, elvane i Granvin, Mundheim og Uskedalen. Uskedalen har ei sterk laksestamme. Uskedalelva vert i fagmiljøet rekna som den nest beste lakseelva i Hordaland. Berre Etneelva er betre.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Registreringa er nøyaktig og omfattande. På to dagar vert om lag 1000 smolt registrert og merka. Ingrid Wathne tek målingar, Conrad Blancik er skrivar.